



- eit fyrtårn i vest

Retningslinjer for tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruk (SMIL), 2027-2031

Øygarden kommune

Bakgrunn

Øygarden kommune har forvaltningsansvar for dei spesielle miljøtilskota i landbruket (SMIL-midlane). Kommunar skal også fastsetje overordna retningslinjer for prioritering av søknader jf. SMIL-forskrifta § 8. Dei kommunale retningslinjene skal gje ei oversikt over kva som kjenneteiknar Øygarden kommune i form av natur- og kulturminneverdiar i kulturlandskapet, i tillegg til å skissere dei viktigaste utfordringane. Retningslinjer for prioritering av søknader vert fastsette av kommunen og dannar grunnlaget for tildeling av tilskot til prosjekt og tiltak.

Ved innsending av søknad gjev kommunen løyve til gjennomføring av tiltaket. Dette inneber ikkje automatisk tildeling av tilskot. Utbetaling skjer etter at tiltaket er gjennomført og dokumentert, og når sluttregneskapen syner kostnader som er i samsvar med eller er høgare enn kostnadsoverslaget som vart sendt inn saman med søknaden. For fleirårige og større prosjekt kan det vere aktuelt å be om utbetaling undervegs i prosjektperioden.

Tilskotsramma varierer frå år til år og vert tildelt etter ein nøkkel basert på tal PT-søkarar og areal i drift. Statsforvaltaren ser også på overordna retningslinjer, gjennomføringsevne, framdrift og oppnådde resultat i kommunane.

Retningslinjene har vore på høyring til Statsforvaltaren i Vestland som gav uttale til retningslinjene i høyringssvar datert 21.08.2026.

Mål for ordninga

SMIL er ei tilskotsordning under Landbruksdirektoratet. Føremålet er å:

- fremja natur- og kulturminneverdiane i jordbrukets kulturlandskap
- redusera forureining frå jordbruket, utover det som kan forventast gjennom vanleg jordbruksdrift

SMIL-midlane skal forvaltast i samsvar med nasjonale og regionale føringar. Kor blant annet regionalt miljøprogram skal utgjere ei kjelde til kunnskap om verdiar og utfordringar.

Tiltaksstrategien skal gjelde frå 2027-2031.

Kven kan søke?

Tilskot kan givast både til eigar og brukar av landbrukseigedom, under føresetnad av at det vert driven aktiv og tilskotsberettiga jordbruksproduksjon på eigedomen i samsvar med regelverket for produksjons- og avløysartilskot. For tiltak som skal gjennomførast på ein landbrukseigedom der søkjar ikkje er grunneigar, skal det føreliggje skriftleg tillating frå eigar av landbrukseigedomen før søknaden kan behandlast.

Søknad sendes elektronisk via Altinn. Det er kommunen som fastset søknadsfristen. I 2026 var søknadsfristen 15. mai.

Landbruk i Øygarden

Typisk og karakteristisk for heile kommunen er terrengforma med skråstilte svaberg mot aust, og bratte skrentar mot vest. Kommunen har og eit indre øylandskap med lynchhei og anna kulturmark, myr, vatn og vassdrag utan visuell kontakt med sjøen.

I Øygarden har vi 16 428 dekar dyrka jord (fulldyrka, overflatedyrka og innmarksbeite), noko som utgjer omlag 5,2 prosent av landarealet i kommunen.

Den dyrka jorda ligg spreidd på dei gamle gardane rundt i heile kommunen. Nokre stader er dei små og oppstykkja, andre stader er dei noko større og meir samanhengande. Vestland fylke har forholdsmessig fleire mindre gardsbruk samanlikna med resten av landet. Uavhengig av storleik kan kvaliteten vera svært god. Nokre stader er det derimot lenge sidan jorda har vore i drift, noko som påverkar tilstand og kvalitet. Utmarka med lynchheiene har vore viktige ressursar i landbruket i Øygarden.

Mindre og inneklemte landbruksareal kan vera vanskeleg å driva maskinelt, men kan ha stor verdi for lokal og småskala matproduksjon, opplevingar, læring, og som kultur- og miljøkvalitet i meir urbane område. Bevaring av dyrka mark er ei nasjonal interesse. For å styrkje beredskapen og mattryggleiken er det nødvendig å ta vare på landbruket sine produksjonsressursar over heile landet. I Øygarden er 2 390 dekar kartlagt som dyrkbar jord. Dette er areal som kan dyrkast opp til fulldyrka jord, og som held krava til klima og jordkvalitet for plantedyrking. 48,9 prosent av areala som kan dyrkast opp i Øygarden er i dag registrert som myr. Myrer fungerer som svært viktige lagre for karbon. Samtidig spiller de en sentral rolle for biologisk mangfold, klimatilpasning og ulike økosystemtjenester, som blant annet rensing av vann, demping av flom, samt muligheter for rekreasjon og friluftsliv.

Kystlyngheia - verdifullt landbruksareal

Vintermildt kystklima gjer det mogleg for småfe og nokre typar storfe å beita i lynchheiene i utmarka store delar av året. Gammalnorsk sau, også kalla villsau, er best eigna til å utnytta beiteressursane året rundt. Beiting av kystlyngheiene bidreg til at jorda tek opp meir vatn, reduserer erosjon og fører til fleire pollinerande insekt. Kystlyngheine lagrar karbon i jordsmonn og torv, noko som kan bidra til å balansera karbonutslepp og gjera kjøt- og mjølkeproduksjon meir klimavennleg. Skjøtsel av kystlynghei reduserer brannrisikoen og kan dermed bidra til lågare samfunnskostnader ved brann, samt redusere tap av eigedom, biologisk mangfold og produksjonsverdi.

Kulturminne

Det er mange kulturminne knytt til landbruket i kommunen, mellom anna tørrmurar i bygningar, bakkar og steingardar. Mange av desse er i dårleg stand. Steingardar er karakteristiske landskapselement i kommunen. Dei har

framleis nyttefunksjon som gjerde og le. Forskriftsendring i 2015 gjer at det ikkje lenger kan gjevast tilskot til freda bygg.

Utfordringar

Tap av biologisk mangfald / attgroinga er ein trugsel. Dei siste 50 åra er bruken av utmarksbeite kraftig redusert. Kratt, skog og fremmedartar er på god veg til å ta over fleire tusen år med lyngbrenning og beite. Dersom vi skal behalda det unike lyngheilandskapet i Øygarden, må vi bremsa attgroinga og minke fare for ukontrollert brann.

Sett i et større perspektiv er det viktig å opprettholde mangfoldet for å bevare balansen i naturen. Utviklingen viser en nedgang i antall beitedyr, noe som bidrar til færre pollinerende insekter, mer gjengroing og svekket biologisk mangfold.

Klimaendringar kan påverka føresetnadane for landbruk i Øygarden gjennom auka av nedbør og meir intens vêrhendingar, noko som vil krevja at vi tilpassar drift og produksjon.

Areal/friluftsliv - nedbygging og endra bruk av areal skaper auka press på dyrka mark, spesielt i område som ligg tett på bustad- og sentrumsområde. Denne interessemotsetnaden mellom landbruk, friluftsliv og andre samfunnsinteresser kan vere utfordrande og føre til konflikt.

Prioriteringar

- Tiltak for biologisk mangfald og kulturlandskap, tiltak (inkludert fellestiltak) for fjerning av framande, skadelege artar.
- Istandsetting av kulturlandskap; beiteområde med natur- eller kulturverdiar (spesielt kystlynghei), slåttemark og andre trua naturtypar, samt skjøtsel av hole eiker. Inkludert stell og rydding (herunder også inngjerding) av gamal kulturmark/beitemark.
- Istandsetting av viktige funksjonsområde/friområde for grågås. Dette kan bidra både til å ta vare på det biologiske mangfaldet og til å redusere konflikter
- Tiltak på svært verdifulle kultur – og bygningsmiljø. Restaurering og/eller rydding langs tørrmurar herunder bakkemurar, steingardar, torvhus, potetkjellarar, kanalar m.m.
- Tiltak som bidreg til å redusere forureining eller risiko for forureining frå jordbruket. Tiltaka skal vere innanfor tre kategoriar: tiltak mot avrenning

til vatn, tiltak mot utslepp til luft og tiltak som reduserer helse- og miljørisikoen ved bruk av plantevernmidler i jordbruket.

Døme på tiltak mot avrenning til vatn: Utbetring og supplering av hydrotekniske anlegg (kan vere nødvendig som følgje av klimaendringar), erosjonssikring av elve- og bekkekanter, flaumdempande tiltak m.m.

Døme på tiltak mot utslepp til luft: Dekke over eksisterande gjødsellager.

Virtuelt gjerde

Virtuelt gjerde kan utløyse SMIL-tilskot berre når det blir nytta i område med svært stor natur- eller kulturverdiar som er kartfesta i Naturbase. Det avgjerande er at tiltaket bidreg til å ta vare på slike verdiar. Ordninga skal ikkje nyttast til vanleg drift eller for å hindre generell attgroing.

Dersom det blir gitt tilskot til virtuelt gjerde, vil kommunen setje som vilkår at klavane ikkje kan seljast vidare dei første fem åra etter tildelinga.

Tiltak	Maksimal tilskotssats (prosent) av godkjent kostnadsoverslag	Retningsgjevande satsar for kostnadsoverslag
Biologisk mangfald	50 %	Lista med tiltak er ikkje uttømmende <i>Viss du søkjer om eit tiltak som ikkje er med på lista så vil kommunen vurdere kostnad og tilskotssats ut ifrå opplysningar i søknaden og evt hente inn meir informasjon.</i>
Gamal kulturmark	50 %	Restaurering/rydding av gamal kulturmark til innmarksbeite: Inntil 3 000 kr/daa Permanent gjerde: Inntil 140 kr/m, inkludert rydding av trasè. Gjerdet må vere tilpassa føremål og dyreslag

		Ganggrind: Inntil 750 kr/stk Enkel køyregrind: Inntil 1 500 kr/stk Kombinasjonsgrind: Inntil 2 000 kr/stk Hesjing: Inntil 50 kr/m, minimum 40 m hesje.
Kulturminne, kulturmiljø	50%	Restaurering av tørmura bygg: Inntil 1000 kr/m ² Rydding av vegetasjon langs steingardar: Inntil 50 kr/m Rydding av vegetasjon rundt tørmura bygg: Inntil 500 kr/stk
Utslepp til luft, vatn og erosjonstilta	50 % 35 % 50 %	Oppattmuring/reperasjon av kanalar: Inntil 1 000 kr/m Lokk på gjødselkum: Maks tilskot 150 000 kr. Viss ein får tilskot frå Innovasjon Norge i tillegg, skal total tilskotsprosent frå begge ordningar ikkje overstige 35% Reinse- og andre hydrotekniske tiltak som hindrar erosjon og ureining frå landbruket: Vert fastsett etter konkret vurdering frå kommunen i den einskilde sak
Restaurering av bygningar	50 %	Potetkjellar, gardflorar, kvernhus eller torvhus m. meir. Vert fastsett etter konkret vurdering frå kommunen i den einskilde sak.

Timesatser	Manuelt arbeid: 350 kr/time (inkl. motorsag og liknande.) Arbeid traktor: 600 kr/time Arbeid gravemaskin: 800 kr/time Dersom prosjektet krev innleigd fagkompetanse, t.d. restaurering av kulturminne/kulturmiljø og andre tiltak kan kommunen godkjenne andre satsar for kostnadsoverslag. Dette vil bli vurdert ved handsaminga av søknad om tilskot
------------	---

Kilder:

«Landbruksverdiar i Øygarden Kunnskapsgrunnlag til arealdelen til kommuneplanen 2027-2039» Øygarden kommune - [landbruksjorda-i-oygarden.pdf](#)

«Regionalt miljøprogram for Vestland 2023-2027» Statsforvalteren i Vestlandet Regjering.no [Ta vare på matjorda - regjeringen.no](#)